

PRØVEFISKERAPPORT DIMMEDALSVATNET 2019


Vatnet


Dimmedalsvatnet ligg på 1335 moh med eit areal på 1752 daa

Det er gytemoglegheiter både i innløp og utløp

Prøvefisket

- Vatnet var sist prøvefiska i 1999, men fangsten da var liten (16 stk) så resultat kan ikkje leggjast avgjerande vekt på.
- Prøvefisket vart gjennomført av tilsette ved Hardangervidda fjelloppsyn 31.07
- Det vart fiska med 3 x W. Jensen-prøvegarnserier
- Samla fangst var 84 aure med gjennomsnittsvekt på 182 g. I 1999 var snittvekta 252 g.
- Største aure var 575g
- Gjennomsnittleg K-faktor var 0,90. Dette tyder på noko mager fisk. I 1999 var gjennomsnittleg K-faktor 1,04.
- Minste gytefisk, ho var 29 cm.
- Det var nesten ikkje fisk mindre enn 27 cm med raud kjøtfarge.
- Prosentvis fordeling av fangsten i 3cm visast til slik;





• Årleg lengdevekst viser ingen avtakande lengdevekst for lengdegrupper i figuren.

- Dimmedalsvatnet har vore tynningsfiska av folk knytt til Besso turisthytta, elles har interessa for garnfiske vore låg. Rapporterte uttak i kg dei siste 10 år

2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
43	0	106	0	0	135	100	122	160	48	34

Tynningsfisket har vore gitt med vilkår at det kan fiskast med garn opp til 26 mm maske.

Drøfting/tiltak

- Sjølv om resultatet i 1999 var lågt er det grunn til å merka seg at gjennomsnitt vekt har gått ned med om lag 70%.
- Kondisjonen på auren har gått ned frå normal fin aure til noko mager aure.
- Tynningsfisket og normal interessa for fiske har ikkje vore av eit slikt omfang at det er med å betrar kvaliteten på auren. Det kan forventast ei årleg avkastning frå vatnet på om lag 200 kg. Skal kvaliteten betrast bør nok uttaket liggja over dette nokre år. Samstundes viser samansetning av lengdegrupper noko lågare andel aure under 28 cm enn kva som er forventa i eit slikt vatn. For kvaliteten på auren er dette truleg bra.
- Så lenge interessa for vanleg garnfiske er så lågt bør tynningsfiske fortsetja gjerne med likt tal garn i 29 og 24 mm.

- Eit tiltak kan og vera å endra garnfiskereglane der det vert sett ein største tillete maskevidde på 35 mm.